



Det aktuelle området ligg til høgre for vegen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Sigmund Myklebust kan ikkje sjå at Fylkesmannen har nokre konkrete grunnar til å hindre kommunen i å gje løyve til frådeling slik at han kan drive sin maskinstasjon på Musland vidare. I ei uttale skriv han at han ser fram til å kunne driva vidare utan å måtte bruka meir ressursar på synspunkt og kommentering.

Saka gjeld overdraging av eit område som eit aksjeselskap har nytta som lagerplass. Nå er halvparten av selskapet overdrege frå eigar til Sigmund Myklebust, som eigde halvparten frå før.

Myklebust skriv mellom anna:

- Lagerplassen er der i dag, og om fylkesmannen sin representant har eit synspunkt på at LNF-områda i Noreg kun skal verta nytta av older og anna buskas, så har andre som prøver å utføre praktiske ting i Noreg andre synspunkt.

Myklebust peikar på at området det gjeld ligg langs kommunal veg og at det er oppført eit lagerhus der. Det er avskjerma frå området som kan nyttast til beite. Området er idag lovleg godkjent som landbruksområde og kan nyttast til plassering av så mange landbruksmaskiner ein ynskjer.

- Det verkar litt rart at fylket skal nytta ressursar på å formidla sine sære syn i saka, skriv Myklebust. Han kan ikkje finna fylkesmannen sitt gode bakgrunnsmateriale og skissar for å gjeva inn syn i denne saka. Han er heller ikkje kjent med at fylkesmannens representant har vore på synfaring på tomta.

Av Ola Matti Mathisen